Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

| Dykkar ref. | Arkivsakid-doknr: | 15/87-3 | Saksh: | Gunnhild Sandvin | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Journalpostid: | 15/819 | Telefon: | 53 67 35 27 | K1-143, K2-C00 | 25.02.2015 |

# Melding om vedtak - revisjon av Eidfjord kommune sin kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

**FSK-009/15 Vedtak:**
Eidfjord kommune startar opp arbeidet med revisjon av kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet med heimel i plan- og bygningslova §11-1

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Gunnhild Sandvin
møtesekretær

Kopi til arkiv og kopibok

EIDFJORD KOMMUNE

| | |
|---|---|
| Arkiv: | K1-143, K2-C00 |
| Arkivsak ID: | 15/87 - 1 |
| Journalpost ID: | 15/403 |
| Saksh.: | Lisbeth Bygstad Celik |
| Dato: | 26.01.2015 |

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| Styre, utval, komite m.m. | Møtedato | Saksnr | Saksh. |
| Eidfjord formannskap | 09.02.2015 | 009/15 | BYGLIS |

**Offentleg**

# Revisjon av Eidfjord kommune sin kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet

**Dokument i saka: Gjeldane kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet**

**Vedlagt:**

**Desse har uttalt seg i saka:**

**Særutskrift skal sendast til:** **Hordaland fylkeskommune, pb 7900, 5020 Bergen**

**Endeleg avgjerd i:**
**Eidfjord formannskap**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Eidfjord kommune startar opp arbeidet med revisjon av kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet med heimel i plan- og bygningslova §11-1

**09.02.2015 Eidfjord formannskap**

**Handsaming:**

Røysting:
Samrøystes vedtak.

**FSK-009/15 Vedtak:**
Eidfjord kommune startar opp arbeidet med revisjon av kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet med heimel i plan- og bygningslova §11-1



Eidfjord kommune Simadalsvegen 1 5783 Eidfjord
Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326
Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no
www.eidfjord.kommune.no

**Saka gjeld:**
Kulturdepartementet stiller krav om at kommunane skal ha ein plan for utbygging av anlegg og område for idrett- og friluftsliv for å kunna søkja om "tippemidlar" til slike anlegg. Planen skal vera eit styringsverktøy i samband med bygging og rehabilitering av idretts-, friluftsliv- og nærmiljøanlegg og fysiske aktivitetar.
Planen skal omfatta både offentlege-, private- og organisasjonseigde anlegg. Planen skal viderast kvart fjerde år og det prioriterte handlingsprogrammet skal kvart år rullerast i samband med økonomiplanen.
Eidfjord kommune utarbeidde sin første plan i 1999 og kommunedelplan for idrett og fysisk gjekk ut i 2014.

<u>Minstekrav :</u>
Planarbeidet skjer etter plan- og bygningslova sine bestemmelsar. Det er spesielt viktig at arbeidet vert koordinert med kommuneplanarbeidet, og at arealbehovet er del av kommuneplanen sin arealdel.
Planen skal minimum innehalda:

- Målsetjing for kommunen si satsing på idrett , fysisk aktivitet og friluftsliv.
- Målsetjing for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv
- Resultatvurdering av førre plan, med statusoversyn.
- Analyse av langsiktige og kortsiktige behov for både anlegg og aktivitet
- Samanhengen med andre kommunale planar skal koma fram
- Prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg og aktivitet
- Økonomiplan knytta til drift og vedlikehald av eksisterande og planlagde anlegg
- Uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg
- Lokaliseringa av eksisterande og planlagde anlegg, område for friluftsliv og arealbehov for planlagde anlegg og friluftsområde bør vera merka på kart.

I planprosessen med å revidera kommunedelplanen vert det lagt vekt på medverknad frå organisasjonar, institusjonar og enkeltpersonar. Rådmannen set ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe for å driva fram arbeidet.

**Økonomiske konsekvensar:**
Ingen kjende
**Juridiske konsekvensar:ing**
Ingen kjende
**Miljømessige konsekvensar:**
Ingen kjende
**Personalmessige konsekvensar:**
Ingen kjende

Aud Opheim Lygre
rådmann

Lisbeth Bygstad Celik
sakshandsamar